

Saksframstilling

Saksbeh.: Karina Nerland	Arkivsaksnr: 11/1042
	Arkivkode: U64
Saksnr.: Utval	Møtedato
8/12 Sogn regionråd	20.04.2012

Saksframlegg

Sakshandsamar: Karina Nerland	Arkiv: U64
Arkivsaksnr.: 11/1042-23	

Reiselivsorganisering i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd tilrår at kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal gjer prinsippvedtak om å etablera eit regionalt reisemålsselskap i Sogn saman med næringa slik som skissert i rapporten Reiselivsorganisering i Sogn.

Med positive prinsippvedtak får Sogn regionråd i oppdrag å arbeida vidare med etablering av selskapet, jf arbeidsmåten som går fram av saksutgreiinga.

Høyanger kommune får tilbod om å delta i selskapet.

Vedlegg:

Rapport - Reiselivsorganisering i Sogn, Segel

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn regionråd har gjennomført eit forprosjekt for å få utgreidd reiselivsorganisering i Sogn. Bakgrunnen er reiselivsplanen for Sogn og Fjordane som har samhandling som eitt av sju strategiske handlingsområde og regionsenterkonferansen med formannskapsmedlemene i 2010. Eitt av oppdraga til Sogn regionråd på denne konferansen var at vi skulle sjå på moglegheitene for å etablera eit felles reisemålsselskap i Sogn.

Tiltaket vart teke inn i rådet sin tiltaksplan for 2011, det vart gjennomført ein forstudie og laga ein prosjektplan. Høyanger kommune har vore med i prosjektet. Segel AS fekk etter ein tilbudsrunde tildelt oppdraget om forprosjektet. Rapporten frå forprosjektet er ferdigstilt og følgjer vedlagt.

Rapporten er meint å gje kommunane og næringa eit grunnlag for å avgjera om dei ønskjer eit regionalt selskap eller ikkje. Prosjektleiari orienterte om status og framlegg til ny organisasjonsmodell i regionrådsmøtet 17. februar.

Vurdering:

Målet med prosjektet er å styrka samkøyinga av reiselivsutviklinga og auka lønsemda i reiselivet i Sogn. Mandatet var å kartleggja dagens ressursbruk og aktivitetsnivå og koma med framlegg til ein eller fleire moglege regionale organisasjonsmodellar som viser korleis lokale og regionale oppgåver kan løysast betre innanfor nye samarbeidsstrukturar.

Forankring av arbeidet både i styringsgruppa og til reiselivsnæringa har vore prioritert. Openheit om prosessen og moglegheit for god informasjonsflyt er ivareteke gjennom personleg dialog med alle daglege leiarar/ reiselivsansvarlege i reisemålsлага/reiselivslaga, personar i næringa og møte med referansepersonar og –grupper og næringsssjefar/daglege leiarar i næringssselskapa. Det vart gjennomført arbeidsmøte med gruppearbeid i januar. Rapporten inneheld meir informasjon om prosessen.

I oppsummering av nosisituasjonen vert det i rapporten vist til at regionen har store potensial som ikkje vert utnytta i dag mellom anna for gjestedøgnutviklinga og for hotelløkonomi i høve til andre regionar. Næringa uttrykker ønske om å bruka meir ressursar på sal og marknadsføring, mindre til administrasjon, vertskapsfunksjonar og skaffe finansiering. 1-årige avtalar med kommunane gjer det svært vanskeleg for selskapa å jobba langsiktig og målretta. Det vert elles vist til rapporten kap 3 for status.

Statusarbeidet, analyse over sterke og svake sider og truslar og moglegheiter ved dagens organisering og tilbakemeldingar frå næringa på dei tre eksempelmodellane er grunnlaget for den modellen som prosjektleiinga presenterer. I rapporten vert følgjande nye modell for Sognefjorden tilrådd:

1. Oppretting av nytt AS – Destinasjon Sognefjorden AS (namn er ikkje bestemt, arbeidsnamn her). Kommunane og enkeltaktørar er aksjonærar.
2. Styret for det nye selskapet bør setjast saman av representantar frå næringa, samarbeidspartnarar (t.d. Fjord1/Farled) og kommunar.
3. Eksisterande selskap vert lagt ned, også Visit Sognefjord AS. Tilsette i desse selskapa blir oppfordra til å søkje på dei nye stillingane.
4. Det blir lagt opp til 5 årsverk i det nye selskapet. Selskapet har arbeidsgjevaransvar for turistvertar og ekstra tilsette i sesong. Også prosjekttilsette i prosjekt som omfattar delar av eller heile regionen.
5. Lokale oppgåver i dei forskjellige kommunane som no blir utført av reisemålsselskapet/reiselivslaget skal anten overførast til det nye selskapet (dersom oppgåvene er av stor nok felles interesse, styret vurderer) eller må løysast lokalt i samband med t.d. prosjektfinansiering/samarbeid med kommunen og drift av turistinformasjon. Ei kartlegging av kva prosjekt/oppgåver dette dreier seg om må utførast av kvart enkelt reisemålsselskap/reiselivslag.
6. Det er ikkje tatt stilling til lokalisering i den presenterte modellen.

Rapporten føreslår nivå for innbetalingar frå kommunane der dei fleste får relativt små endringar. Unntak er kommunane Leikanger og Sogndal. Det er ikkje rekna på modell for medlemskontigent, men det vert vist til at innbetaling etter omsetjing er den som gjeld for dei fleste reiselivslaga i dag. I årsbudsjettet er det føreslått at provisjonsinntektene i sin heilskap

vert tilbakeført til den kommunen det er skapt slik at midlane kan brukast lokalt til det næringa der ønskjer. Det ligg inne langsiktig finansering med 3-årige avtaler.

Ny modell vil etter administrasjonen si vurdering gje eit sterkare og meir robust selskap, betre regional samordning og samkøyring av reiselivssatsinga i regionen. Rapporten gir kommunane og næringa eit godt grunnlag til å ta stilling til den framtidige reiselivsorganisering.

Arbeidsmåte - prosessen vidare:

Rapporten som ligg føre gir kommunane og næringa eit grunnlag til å avgjera om dei ønskjer ny organisasjonsmodell. Sogn regionråd vedtek ei tilråding til kommunane i dette møtet. Deretter går saka til kommunane som handsamar tilrådinga i løpet av mai/juni. - Kommunestyra vil få ei orientering om ny modell på folkevalddagen 23. april.

Sogn regionråd gjer vedtak i møtet 22. juni på bakgrunn av kommunane sine vedtak. Med positive prinsippvedtak i kommunane om å etablere eit regionalt reisemålsselskap kan Sogn regionråd opprette eit interimstyre i neste rådsmøte 22. juni, og arbeida vidare med etablering av selskapet.

Interimstyre bør få høve til å knyta til seg fagleg kompetanse i samband med skiping av aksjeselskapet. Interimstyre sitt arbeid vil mellom anna vera å utforma vedtekter, innhenta aksjekapital og stå for skipingsmøte for selskapet. Næringsliv og kommunane vil bli tilskrive og får tilbod om å kjøpa aksjar. Det vert teke sikte på å etablere selskapet frå 1.1.2013.

Handsaming:

Noralv Distad gjekk frå som ugild. Møteleiar i saka var nestleiar Jarle Aarvoll.

Vedtak:

Sogn regionråd tilrår at kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal gjer prinsippvedtak om å etablere eit regionalt reisemålsselskap i Sogn saman med næringa slik som skissert i rapporten Reiselivsorganisering i Sogn.

Med positive prinsippvedtak får Sogn regionråd i oppdrag å arbeida vidare med etablering av selskapet, jf arbeidsmåten som går fram av saksutgreiinga.

Høyanger kommune får tilbod om å delta i selskapet.